

Runde nummer tre mot kjempebjørnkjeksen

27.06.2010



**Kjempebjørnkjeks veks og trivist i området langs stranda, rundt grusbana og ved skulen og det er naudsynt å halda beredskapen oppe for å halda ho i sjakk.**

**Dag Hermansen er ein av dei flinkaste i bygda i kampen mot denne uønska og aggressive planta og i dag har han gått runde nummer 3 med ljåen for å kutta ho ned (biletet).**

Dag strekar under at det er viktig å kutta ned planta før ho rekk å frøa seg.

Kvar einaste år er det diskusjon om den planta som veks her i bygda er kjempebjørnkjeks eller kystbjørnkjeks.

Den diskusjonen skal vi ikkje ta opp att no. Hermansen er i alle fall overtydd om at det er kjempebjørnkjeks, som kan bli opptil 4 meter høg om ho får utvikla seg.

Og kjem ein borti safta, kan det bli brannsår.

Ta ein runde med ljåen du og!

(Foto: Ola Matti Mathisen)